

Felleskjøpet på salsturne i Kvinnherad - la inn matstopp i Uskedalen.

14.09.2020



Felleskjøpet sine traktorseljarar la inn stopp i Uskedalen i dag. F.v. Christian Hovda, Magnus Bakka og salsleiar Roar Gundegjerde.

Felleskjøpet med John Deere traktorar er på salsturne i Kvinnherad - Jondal og Ullensvang før turen går attende til Rogaland. I dag la dei inn ein stopp på SPAR i Uskedalen for å få seg ein matbit. Tre traktorar av dei nyast modellane med hengrarar og last fylte opp parkeringsplassen. Uskedalen.no fekk ein kort samtale med dei tre seljarane.

Salsleiar Roar Gundegjerde i Felleskjøpet er godt nøgd med kundane i Kvinnherad og i Uskedalen. Han bur i Etne og er den tredje seljaren som held kontakten og tilbyr sine varer til kjøparane i Uskedalen. Haugland Maskin er ein av fleire gode kundar. Gundegjerde har Kvinnherad som sitt salsområde.

Med seg hadde han Christian Hovda og Magnus Bakka. I kortesjen var det fire traktorar med storleik frå 75 HK til 250 HK. På hengarane var det ein gravenaskin, ein minilastar av typen Avant. Dessutan hadde dei med ei gjødselsvogn med lastevolum på fire kubikk.



John Deere traktorar, hengarar med utstyr og gjødselvogn synte godt att på parkeringsplassen ved SPAR i dag. Konkurrentane er Eik maskin og AK maskin. Felleskjøpet har ein stor markedsandel i Kvinnherad. Roar Gundegjerde har merka seg satsinga innan landbruket i Uskedalen. Næringsa framhevar Landbruksontoret i kommunen som eit av dei beste i sitt slag med å leggja til rette for utvikling og vekst i næringa.

Salsavdelingen i Felleskjøpet er på det jevne to gonger i månaden i Kvinnherad, ikkje alltid med så mange maskinar som denne gongen. No er det ei spesiell tid med korona. Som erstatning for Etnemarknad og Dyrsku'n, som ikkje vart noko av i år, må ein koma seg ut i regionane med produkta.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal